



Einar Hodneland
Holsbergstien 8
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1031 - 14/11973

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
12.08.2014

Godkjenning - Dispensasjon og løyve til oppføring av mur og levegg i grense som sjølvbygger på gbnr 10/239

Administrativt vedtak. Saknr: 227/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 23.2.2014 om dispensasjon og løyve i eitt trinn, jf plan- og bygningslova (pbl) §§ 19-2 og 20-2, frå byggegrense i reguleringsplan for oppføring av mur og levegg i nabogrense. Vidare har tiltakshavar søkt om å stå som sjølvbygger for tiltaket, jf pbl § 23-8 andre ledd, jf SAK § 6-8.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla. Alle naboar har samtykka i tiltaket.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplanen for *Holmemarka aust* regulert til einebustad. Eigedomen grensar til kommunal veg.

Søknad om dispensasjon:

Tiltaket kjem i konflikt med avsett byggegrense i reguleringsplanen. Tiltakshavar har søkt om dispensasjon frå byggegrensa, slik at mur og levegg kan oppførast i flukt med tilsvarande tiltak på naboeigedomen gnr 10 bnr 240. Sistnemnde eigedom fekk dispensasjon frå byggegrense ved vedtak

datert 4.1.2011, arkivsakid 2010001723. Meland kommune vurderer omsøkt utføring av tiltaket i forlenging av mur på gnr 240 som positiv, og finn vilkåra for å gje dispensasjon for oppfylt, jf pbl § 19-2. Tiltaket hindrar ikkje frisikt mot kommunal veg og legg til rette for ei hensiktsmessig utnytting av eigedomen. Det vert vidare vist til at likehandsamingsomsyn tilseier at dispensasjon vert gitt.

Dispensasjonssøknaden er ikkje sendt på høyring til Fylkesmannen eller Fylkeskommunen, fordi kommunen har vurdert at tiltaket ikkje direkte har verknader for regionale og statlege mynde sine saksområde. Vedtaket skal likevel sendast til høyringsinstansane for klagevurdering.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Det er lagt frem erklæringar frå heimelshavarane til bnr 240, bnr 238 og bnr 236 om at dei samtykker til plassering av mur og levegg i grense mot deira eigedomar.

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 23.2.2014, jf pbl § 29-4, tredje ledd (a).

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med plankrav knytt til parkerings- eller utomhusareal.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Godkjenning av tiltakshavar som sjølvbyggjar:

Tiltakshavar har opplyst at han driv enkelmannsføretaket Einar Hodneland, organisasjonsnummer 990262640. Dette føretaket er sentralgodkjent for utføring av tømrararbeid og montering av trekonstruksjonar i tiltaksklasse 1. Meland kommune finn på denne bakgrunn tilstrekkeleg dokumentasjon for at tiltakshavar kan stå som sjølvbyggjar for omsøkt tiltak.

Vedtak

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 19-2 og 20-1 dispensasjon og løyve til oppføring av mur og levegg i grense på gnr 10 bnr 239, jf vedlagt situasjonskart stempla godkjent 12.8.2012.

Plasseringa av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonskart stempla godkjend 12.8.14. Tiltakshavar vert godkjent som sjølvbyggjar for tiltaket i medhald av plan- og bygningslova § 23-8.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama administrativt og godkjend i medhald av delegert mynde»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagt skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Einar Hodneland

Holsbergstien 8 5918

FREKHAUG